

Notat

Går til: Styremedlemmer
 Selskap: Helse Vest RHF
 Dato skriven: 26.10.2006
 Frå: Administrerande direktør Herlof Nilssen
 Sakshandsamar: Ivar Eriksen
 Saka gjeld: **Oversikt over aktuelle høyringar pr 26.10.06**

Styresak 097/06 O AD si orientering pkt 5

**Styremøte 08.11.
2006**

Dato for brev	Saka gjeld	Status
06.06.06	NOU 2006:5 Norsk helsearkiv – siste stopp for pasientjournalene	Høyringsfrist 01.10.06. Saka sendt helseføretaka for innspel ved brev av 20.06.06. Uttale sendt 05.10.06. Innspel frå Helse Bergen og Helse Stavanger er lagt ved oversendinga.
05.07.06	Saksbehandlingsprosedyrer mv for omgjøring av refusjonsvedtak for legemidler.	Høyringsfrist 06.10.06. Saka sendt helseføretaka for innspel ved brev av 26.07.06. Uttale sendt 03.10.06. Helse Vest gir uttrykk for at endringane som er foreslått er fornuftige, og at dei vil vere i tråd med ein dynamisk legemiddelpolitikk. Endringane vil ha mest å sei for val av legemiddel og bruk i primærhelsetenesta, dvs for pasienten etter utskriving frå sjukehus.
06.07.06	NOU 2006:6 Når sikkerheten er viktigst.	Høyringsfrist 09.10.06. Saka sendt helseføretaka for innspel ved brev av 27.07.06. Uttale sendt 10.10.06. Det er gjort eit svært omfattande arbeid for å utgreie sikring av kritisk infrastruktur i landet, og Helse Vest meiner det er viktig at aktuelle verkemiddel blir tatt i bruk for å sikre dei overordna målsettingane. Det er elles gitt ei rekkje merknader til einskilde punkt i NOUen.
12.07.06	Rapport fra arbeidsgruppe om tidligere	Høyringsfrist 01.11.06

	hjelp til barn og unge med psykiske lidelser og/eller rusproblemer.	Saka sendt helseføretaka for innspel ved brev av 01.08.06.
14.07.06	Rapport om ulike typer sakkyndigerklæringer helsepersonell avgir til justissektoren (Graver-rapporten)	Høyringsfrist 15.10.06. Uttale sendt 06.10.06. Helse Vest sluttar seg til forslaget om å utferde eiga forskrift som omhandlar attestar, erklæringer m.v.. Det er vist til at slike dokument representerer fagleg tyngde og har stor beviskraft innanfor så vel rettspleien som andre sentrale samfunnsområde. Det er derfor viktig at det blir stilt krav til form og innhald i desse dokumenta som skal sikre at ein har tillit til innhaldet og at dette er etterprøvbart. Det er elles gitt ei rekkje merknader til einskilde punkt i rapporten.
10.07.06	Utkast til endringer i blodforskriften.	Høyringsfrist 01.10.06. Saka sendt helseføretaka for innspel ved brev av 01.08.06. Uttale ikkje gitt.
24.07.06	Forskriftsendringer i forbindelse med endringer i lov om psykisk helsevernlova og pasientrettighetsloven.	Høyringsfrist 20.10.06. Saka sendt helseføretaka for innspel ved brev av 18.08.06.
19.07.06 (motteke 05.09.06)	Endringer i pasientrettighetsloven etter rusreformen mm. Forslaget er i hovedsak en kodifisering av den tolking og praktisering av lova i forhold til rusmiddelavhengige, som er lagt til grunn siden 01.01.04.	Høyringsfrist 01.11.06. Saka er sendt helseføretaka for innspel ved brev av 05.09.06.
01.09.06	Utkast til ny forskrift om krav til kvalitet og sikkerhet ved håndtering av humane celler og vev.	Høyringsfrist 01.11.06. Saka er sendt helseføretaka for innspel ved brev av 12.09.06.
09.10.06	NOU 2006: 19 Akademisk frihet	Høyringsfrist 05.02.07
10.10.06	Offentlig høring om helsetjenester i EU	Europakommisjonen har lagt ut ei meddeling om helsetenester i EU. Formålet med høringa er mellom anna å kartlegge korleis rettsleg forutsigbarhet ved grenseoverskridande helsetenester kan sikrast, og å finne egna tiltak for å styrke samarbeidet mellom medlemslanda sine helsetenester. Det er HOD som primært er høyringsinstans, og dei regionale helseføretaka er bedt om å kome med eventuelle innspel innan 30.11.06.